



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
056/25	Formannskapet	12.06.2025
037/25	Kommunestyret	19.06.2025

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 24/1274 - 2
----------------------------------	---------------	-------------------------------------

Vidareføring av fastpris for levering av straum

Kort samandrag:

Regjeringa har lansert ei ny ordning for landsomfattande fastpris til innbyggjarar og eigarar av fritidsbustad og hytter. Det er planlagt at "Norgespris" blir innført 1. oktober i år. Norgespris slik den er utforma er tilnærma lik avtalen som Lærdal kommune tilbyr for private, og det vil difor vere naturleg at ordninga som kommunen tilbyr private, ikkje blir vidareført.

Kommunen har dei siste tre åra (inkl 2025) selt fastpris på straum til private hushaldningar, landbruket og næringslivet, og gjeldande ordning går ut 31.12.2025. Resten av konsesjonskrafta har vorte seld på spotmarknaden. Kombinasjonen av fastpris, og sal til marknadspris har gitt kommunen gode inntekter samstundes som ein har redusert risikoen noko, ved at ein del av konsesjonskrafta har vorte sikra. For inneverande år og fjoråret har inntektene gått noko ned ettersom straumprisen i spotmarknaden har vore relativt låg, og fastprisen me tilbyr private og næringslivet har vorte sett ned. Det er viktig at konsesjonskrafta vert forvalta på ein måte som gir kommunen gode og føreseielege inntekter framover.

Saka blir lagt fram til politisk behandling for ei prinsipiell avklaring i god tid før budsjettprosessen for 2026 tek til.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å vidareføre ordninga med levering av straum til fast pris for næringslivet. Fastprisen vert fastsett i samband med budsjettprosessen for 2026.
2. Kommunedirektøren legg fram ei eiga sak til kommunestyre i løpet av hausten der sikring for delar av konsesjonskrafta, vert vurdert.
3. Dersom ordninga med Norgespris likevel ikkje vert innført, vil gjeldande ordning med fastpris bli vidareført som no, men med ei ny vurdering av prisnivået i samband med budsjettprosessen til hausten.

12.06.2025 Formannskapet**Røysting:**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 056/25 Vedtak

1. Kommunestyret vedtek å vidareføre ordninga med levering av straum til fast pris for næringslivet. Fastprisen vert fastsett i samband med budsjettprosessen for 2026.
2. Kommunedirektøren legg fram ei eiga sak til kommunestyre i løpet av hausten der sikring for delar av konsesjonskrafta, vert vurdert.
3. Dersom ordninga med Norgespris likevel ikkje vert innført, vil gjeldande ordning med fastpris bli vidareført som no, men med ei ny vurdering av prisnivået i samband med budsjettprosessen til hausten.

19.06.2025 Kommunestyret**Handsaming i møtet****Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 037/25 Vedtak

1. Kommunestyret vedtek å vidareføre ordninga med levering av straum til fast pris for næringslivet. Fastprisen vert fastsett i samband med budsjettprosessen for 2026.
2. Kommunedirektøren legg fram ei eiga sak til kommunestyre i løpet av hausten der sikring for delar av konsesjonskrafta, vert vurdert.
3. Dersom ordninga med Norgespris likevel ikkje vert innført, vil gjeldande ordning med fastpris bli vidareført som no, men med ei ny vurdering av prisnivået i samband med budsjettprosessen til hausten.

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Kommunelova

Saksutgreiing

Dette veit me så langt om den nye straumstøtteordninga:

Noregspris vil vere ei statleg støtteordning på same måte som straumstøtta. Prisen på 40 øre/kWh er utan meirverdiavgift. Med meirverdiavgift er prisen 50 øre/kWh. Nettleige og påslag kjem i tillegg.

Noregspris skal vere lik for alle prisområde i Noreg og gjelda for både primærbustader og fritidsbustader.

Det vil vere ei maksgrense for kor mykje straumforbruk som gir straumstøtte:

- For hushaldningar: 4000 kWh per månad
- For fritidsbustader: 1000 kWh per månad

Forbruk som overstig desse grensene, vil bli fakturert til den normale straumprisen som avtalt med straumselskapet. Maksgrensene for forbruket skal vera tilpassa ein gjennomsnittshushaldning.

Noregspris kan bestillast heile året, og dei som vel Noregspris får ei bindingstid ut året, med fyrste bindingstid fram til 31. desember 2026. Prisen skal justerast éin gong i året, og gjelda

frå 1. januar til 31. desember. Den første prisen på 40 øre utan meirverdiavgift skal gjelde ut 2026, med ny pris frå 1. januar 2027.

Økonomiske konsekvensar

Med innføring av Norgespris framfor kommunen si eiga fastprisordning, vil kommunen stå friare til å forvalte konsesjonskrafta på ein måte som styrkar inntektene til kommunen. Kommunen kan velja å selja konsesjonskrafta til spot, ein kan gå tilbake til tidlegare praksis ved å sikra prisen eller ein kan velja ein kombinasjon. Strategien for forvaltning av konsesjonskrafta framover er viktige avklaringar for kommunen.

I perioden før kommunen innførte si eiga lokale fastprisordning i 2023, vart all konsesjonskraft sikra til ein fastpris som blei bestemt innan 1. november kvart år. Dette var ei ordning som gav føreseielege inntekter til bruk i budsjett- og økonomiplanprosessen. Dei åra som det var høge spotprisar “tapte” kommunen potensielle inntekter, men kom godt i frå det i år med låge straumprisar. I budsjettarbeidet visste ein på førehand kor mykje inntekt konsesjonskrafta ville gje det komande året.

Den økonomiske situasjonen til kommunen er vesentleg styrka dei siste åra, og det er avsett gode reservar på fond. Dette gjer at ein er meir rusta til å tola svingingar i inntektene, og kan ta noko meir risiko enn tidlegare. Samstundes skal risikoen vera balansert; jf kommunelova § 14-1, 3. ledd skal kommunen forvalta finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko.

Vurdering

Straumprisane i dag kan seiast å vera meir volatile, eller ustabile, på grunn av fleire faktorer som påverkar både tilbod og etterspurnad. Dette kan føra til at straumprisen svinger opp og ned meir dramatisk over tid, og straumprisane i Norge er påverka av det som skjer Europa.

Dette er faktorar som peikar i retning av at i alle fall delar av konsesjonskrafta bør sikrast.

Ordninga med Norgespris gjeld ikkje næringslivet, her bør ein vurderer å vidareføra gjeldande ordning, eventuelt med ein litt høgre pris som tek omsyn til prisstigning.

Når det gjeld landbruket er det litt uavklart korvidt den ordninga som Lærdal har hatt med fastpris til landbruket kjem innunder Norgespris eller ikkje, dette må og avklarast nærare før ein vedtek noko her.

På bakgrunn av ei samla vurdering, vert det tilrådd at ordninga med Norgespris erstattar den lokale ordninga med fastpris til private hushaldningar. Skilnaden er på prisen er marginal med 8 øre meir for private hushaldningar.

Vidare er det kommunedirektøren si vurdering at delar av konsesjonskrafta bør sikrast for å redusera den økonomiske risikoen. Her er det naturleg at strategiar for forvaltning av konsesjonskrafta frå 2026 vert løfta som ei eiga sak, før det vert gjort eit vedtak.

